Føremål

Instruks omfattar krav til sikring av alle byggje og anleggsarbeid der Kvinnherad kommune står som byggherre eller oppdragsgjevar på arbeidet. Instruks skal ivareta tryggleiken både for involverte partar i arbeidet på og omkring bygge og anleggsplass og tredjepart.

Instruks omfattar ikkje arbeid som etter Byggherreforskrifta § 4. 5 og 6 vert definert som alminneleg rutinemessig vedlikehaldsarbeid.

Ansvar

Hovud eller totalentreprenør som kommunen har inngått avtale med har ansvar for sikring og inngjerding av bygge og anleggsplass.

Krav til sikring/inngjerding av område gjeld frå fysisk oppstart av arbeid på bygge og anleggsplass og fram til overlevering av kontraktarbeida.

Krav til sikring av byggje og anleggsplass

Før arbeidsstart skal entreprenør utarbeida ein plan der behov for sikring av byggje/anleggsarbeidet er vist og planlagt sett opp. Planen kan delast i fleire fasar/byggjetrinn dersom dette er tenleg. (Eventuelt i kombinasjon med riggplan)

Planen skal innhalda informasjon om dei einskilde sikringstiltak og valt sikringsmateriell.

Byggje/anleggsplass skal gjerdast inn med sikringsgjerde med høgde minst 2 meter i og utanfor tettbygde strøk.

Gjerdet skal vera tett både mellom seksjonar, inntil konstruksjonar og mot bakke slik att tredjeperson ikkje kan forsera gjerdet.

Gjerdeseksjon skal monterast saman med festeklammer tilpassa gjerdetype.

Ved fundamentering skal fot tilpassa føremål og gjerdetype nyttast. Gjerde skal sikrast med støttestag eller vektblokker for å hindra kvelving i vind opp til 25 m/s, eller anna ytre påkjenning.

Ved arbeid nær publikumsområder, skule, barnehage eller anna sterkt trafikkert område skal fundamentering med vektblokk nyttast. Med vektblokk meinast tungt fundament fylt med vatten/sand eller betong eller liknande.

Ved arbeid med fare for sprut (td. pigging, skjering/ brenning) eller støv/støy i nærleik av publikumsområde skal tett gjerde nyttast.

Port i gjerde for køyring/gangtrafikk skal vera låsbar og godt skilta.

Ved arbeid med grøfter, grunn og terrengarbeid utanfor naturlig ferdselsveg eller utanfor tettbygd strøk kan kravet til gjerde fråvikast til å kun gjelda ved kryssande sti/veg ol. Sikring og markering av anlegget skal då setjast opp i kombinasjon med skilting.

Ved arbeid langs veg og i kombinasjon med anna godkjent sikring jmf. arbeidsvarslingsplan kan det det nyttast gjerde med høgde min 1 meter.

Ved arbeid med kortvarig art eller ved periodevis stort behov for flytting av sikringsgjerde kan publikumsgjerde med høgde min 1. meter nyttast dersom tilhøva tillèt dette.

Ved bruk anna type av eller endring på sikring eller omfang skal dette først avklarast med kommunens representant på anlegget.

All sikring/merking skal vera i tråd med gjeldande retningslinjer og forskrifter som omhandlar dette.

Det er ikkje tillate med skilt/reklameplakatar montert på byggeplassgjerde med unnatak av sikkerheitsinformasjon ved portåpning.